Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 XX

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: Leinstrand

Emne: Folkelege musikkinstrument

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad

Gard:

(adresse): Heimdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn:~~ (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Lurar av orebork har eg sett, men aldri med noko ljodskapande spalte i munningsenden.

II Nei. Vi laga blisterpiper av older eller rognekjeppar.

III Ingen av desse har eg höyrt gjete.
Stavar med ringar laga vi ofte av orekjeppar. Vi kalla dei „ringarstavar". Slike måtte gjerast i den tid levja gjekk i treet. (Borken löyste).
Dei vart også laga av rognekjeppar.

IIII Ja. Ein la eit oreblad (olderblad segjer vi) over ein opning millom peikefinger og tommeltott (Alle fire fingrar var noko bögd) og slo så med andre handa ned på bladet, så det sprakk, og dermed hadde ein smellen.
Ta slå hol på ein pose ved å fylle den med luft har vore svært vanleg. Til og med skuleborna kunde gjera dette med matposen sin. Men eg for min part bruka å påtala dette.
På smellgras tok vi av og til bladkrona og slo saman så det vart ein smell.*
Av og til kunde vi også ta blad t.d. av havrestylken, timotei ell. liknande, strakte det godt ut millom båe tomlane og

* Også av blåklokka kunde vi få til ein liten smell.

7126

bles kraftig på kauken av blodet. Det vart ein skingraude ljod, som dei vaksne sa vi ikkje måtte halda på med, for vi bles berre opp til skyggever.
Resten er ukjend.
Ved brudlaupsferd vart det avfyra skott, når brurfolket drog forbi. Ein låg då helst skjult attom ein haug eller liknande, og skaut med gevar. Det har nok også vore bruka dynamitt, men meire sjeldan og berre i seinare tid. Krutt har også vore bruka. Noko djupare meining vart det vel ikkje lagt i dette. Men skulde nok gjerast til lukke for brurfolka og til ære for dei.

V. Nei, dette er ukjendt.

Ad spursmål II.

Blisterpipa laga vi når borken løypte. Vi fann ein kvistfri olderkjepp, skar rundt så langt nede som den var kvistfri og skar av. Så laga vi eit lite hol (Ʊ). og så laga vi til munnstykke. Spytta på ~~elles~~ borken og banka med tolleknivskaftet til den laustna. Når vi hadde fått av borken, skar vi av munnstykket og smidde av ei lita flis på dette og sette det heile saman i borke-hylstra. Pipa vart då grannare eller gropare etter som vi let opninga millom munnstykket og den andre delen vera ~~sto~~ mindre eller større

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7126